

Referat Kompetanseforum Hardanger Granvin 09.12.24

Tilstades: Per Odd Grevsnes, Vestland fylkeskommune
Ann Kristin Mæland Vedå, NAV Hardanger Voss
Lisbeth Bygstad Celik - leiar Team Hardanger
Jan Tjosås, Kvam herad
Mona Hellesnes, Ulvik herad
Randi Rykkje, Ullensvang kommune - nestleiar Team Hardanger, digitalt
Terje Rognsvåg, Opplæringskontoret i Hardanger
Randi Ueland, Opplæringskontor for Indre Hordaland
Hans Jørgen Andersen, Kvam Næringsråd
Trude L. Rinaldo, Hardangerrådet iks
Svein Inge Styve, Voss vgs
Geir Veland, Odda vgs
Håvard Vambheim Styve, Voss gymnas
Arild Matland, Kvam vgs
Sofie Torlei Olsen, Hardanger og Voss Næringshage
Christel Johansen Kvamme, Næringshagen i Ullensvang

Gjester Vivan Kårbø, Nordhordland næringslag
Silje Osland-Grepstad, NAV

Sakliste:

1. Læreplassar til alle. Erfaring frå samarbeid mellom NAV - skule - næring.

v/ Vivian Kårbø, Nordhordland næringslag og Silje Osland-Grepstad, NAV

Presentasjon ligg ved

2. HVK Studiesenter - Lokal utdanning og kompetanseheving.

v/ Sofie Torlei Olsen, Hardanger og Voss næringshage

Presentasjon ligg ved

3. Kva ambisjonar har VLFK for inkludering?

v/ Per Odd Grevsnes, Vestland fylkeskommune

Presentasjon ligg ved

4. Korleis styrkja våre vidaregåande skular i framtida?

v/ rektorane på dei vidaregåande skulane i Hardanger og Voss

Frå dialogen:

Å dekkja lokalt behov for kompetanse er den store utfordringa i framtida. Det er store utfordringar med å dekkja arbeidslivets behov for arbeidskraft idag, og dette behovet vert mykje større i tida som kjem. På den andre sida veit ein at elevtala går drastisk ned og kapasiteten i den vidare skulen må reduserast. Me må planlegga for kva som møter oss om 10 år, men korleis?

Det er tett samarbeid mellom skule, næringsliv og kommune, det er viktig og må styrkast. For elevar som skal ut i lære er det også eit tett samarbeid med opplæringskontora idag.

Viktig og å formidla ut at skulane har så godt samarbeid med næringslivet lokalt.

Skulane ønskjer samarbeid for gode løysingar, som også kan føra til kreative nye fag og nye løysingar, samt meir fleksible ordningar for samarbeid med næringslivet.

Informasjon til framtidige elevar om spennande tilbod og moglegheiter må marknadsførast betre.

Elevsammensetning har endra seg, det vert ikkje reversert, og har gitt skulane nye utfordringar. Med færre elevar vert breidde i tilboda også endra. Ein må sjå på korleis distriktskulane skal serva lokalsamfunna på ein bærekraftig måte.

Skal ein styrkja dei vidaregåande skulane må det politisk vilje til og økonomi. Halve klassar er eit viktig bidrag for å oppretthalda tilbod som er viktig for distriktskulane og lokalsamfunna.

Det nye inntakssystemet, der alle skal i same klassar har gjort kvardagen dyrare på skulane, då det krev auka innsats i dei fleste klassane.

Fritt skulevalg ville kunne styrkja tilbod ved lokale skular, då søkjarar utanfor som i dag ikkje har anledning til å søkja f.eks på restaurant og matfag på Voss, fell bort. Kunne det vore løyst?

Odda vgs har utvikla eit spennande tilbod i dag, der elevar kan gå frå studie til læreplass og tilbake til skulen. Dette fungerer godt, og kunne vore utvikla. Her kunne skuleeigar vore mindre rigide og meir løysningsorienterte.

Kvam vgs ligg nært Bergen med godt busstilbod. Elevar pendlar frå Kvam til Bergen, men dei kunne like godt pendla den andre vegen.

Ein anna idé er "omreisande pedagog" for å ha eit breiare tilbod også på dei mindre skulane.

På slutten oppmodar ein fylke til å arrangera ein felles workshop for skuleleiingane med formål å arbeida fram fleksible modellar for utdanningsløp i den vidaregåandeskulen.

5. **Kvifor Ungt Entreprenørskap i skulen?**

v/ Sara Tokheim Ungt Entreprenørskap Vestland

Presentasjon ligg ved